



ÅRSMELDING LESJA KYRKJELEGE RÅD 2023

Lesja kyrkjelege råd:

01.01.-31.10.2023 :

Aasmund Kolstad (leiar)
Jorunn Einbu Teigen (nestleiar)
Audny Bakken
Pål Rindal

Aagot Sørungård Botheim
Anne-Grete Dalum Tordhol

Kommunal representant:

Liv Enstad

Biskopens representant:

Magnus Halle

Ole Romslo Traasdahl
Aage Asgeir Paulsrud
Stein Inge Bjorli
Ann Karin Thøring
Marit Tynnøl

Marita Lindbom

Birgitte Bentzrød

01.11. – 31.12.2023:

Jorunn Einbu Teigen (leiar)
Aasmund Kolstad (nestleiar)
Pål Rindal

Aadel Skotte

Hilde Lislien

Anne-Grete Dalum Tordhol

Kommunal representant:

Bengt Olov Flagestad

Biskopens representant:

Magnus Halle

Eldrid Botheim Mittigård
Sølvi Johansen
Ann Karin Thøring
Stein Inge Bjorli

Erling Lyftingsmo

Birgitte Bentzrød

Lesja kyrkjelege råd har hatt 5 møter, og har behandla 26 saker, fram til 31.10.2023. Det nye rådet hadde to møter og behandla 6 saker – i tillegg til diverse informasjon og opplæring.

Kyrkjeverje er med på møta som sekretær.

Kyrkjevalet 2023 vart gjennomført med ei oppslutning på 29%

Lesja kyrkjelege administrasjonsutval (partsamansett utval):

Jorunn Einbu Teigen
Aasmund Kolstad
Anne-Grete Dalum Tordhol
Steinar Skotte

frå kyrkjeleg råd
frå kyrkjeleg råd
frå kyrkjeleg råd
frå dei tilsette

Partsamansett utval fungerer og som forhandlingsutval.

Kyrkjeverje er fast sekretær i forhandlingsutval og partsamansett utval. Partsamansett/Forhandlingsutvalet har ikkje hatt møte.

Gudsteneste- og trusopplæringsutval:

Gudsteneste- og trusopplæringsutvalet skal arbeide for eit breitt og mangfaldig tilbod av gudstenestar og arrangement i kyrkjene. Utvalet skal og ha fokus på at fleire medlemmar skal ynskje å nytte dette tilbodet.



Utvalet har ansvar for opplæring av dei døypte i den kristne tru. Målgruppa for trusopplæringa er kyrkja sine medlemmar i aldersgruppa 0-18 år.

Medlemmar i utvalet:

Jorunn Einbu Teigen
Audny Bakken
Pål Rindal

Organist
Sokneprest

Diakoniutvalet:

Anne-Grete Dalum Tordhol
Ole Romslo Traasdahl
Marit Tynnøl

Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet skal bidra til at kyrkjene og kyrkjegardane i båe sokn er i slik stand som vi til ei kvar tid ynskjer at dei skal vera, og slik kyrkjelov og regelverk krev. Utvalet utfører sine oppgåver, på vegne av Lesja kyrkjelege råd, og i samarbeid med kyrkjetenarane. Medlemmane i utvalet skal representere kvar si kyrkje/kyrkjegard.

Medlemmar i utvalet:

Stein Inge Bjorli	Lesjaskog kyrkje/kyrkjegard
Torbjørn Thøring	Lesjaverk kyrkje/kyrkjegard
Aasmund Kolstad	Lesja kyrkje/kyrkjegard

Arrangementsutval:

Arrangementsutvalet skal bidra til å gjennomføre kyrkjelege tilstellingar som Lesja kyrkjelege råd foreslår.

Utvalet er ei ressursgruppe som og kan foreslå arrangement for rådet, og skal samarbeide med organist om konsertar og andre kulturarrangement.

Medlemmar i utvalet:

Audny Bakken	Aagot Sørungård Botheim
Ann Karin Thøring	Aage Paulsrud

Det er oppnemnd nye underutval, men desse starta ikkje opp før 01.01.2024.

Tilsette

Organist:	Solfrid Kvamestøl Grønbeck	100% stilling (fødselspermisjon frå juni '23 til februar '24)
Kyrkjetenarar:	Ola Nørstebø	80% stilling på Lesja
	Steinar Skotte	80% stilling på Lesjaskog/Lesjaverk
	Jørn Sæther	Tilkallingsvikar
Kyrkjeverje:	Torunn Elisabeth Skotte Stavheim	100% stilling
Prest:	Magnus Halle	100% stilling i Lesja (ikkje tilsett i Lesja kyrkjelege råd)

Kari Irene Lien, Paul Gunnar Lien, Solrun Einbu, Jørgen Brandli, Simen Iverstuen Blekastad, Sigrid Sørungård Botheim og Erlend Grønbeck har vore vikararorganistar i Solfrid si permisjonstid. Arne Bakken og Mette Hole har vore med på nokre andaktar.
Stor takk til alle!

Nye lokal:

I midten av august flytta kyrjekontoret inn i nye lokaler, og held nå til i nyrenoverte kontor i kommunehuset.



Kyrkjene/kyrkjegardane:

Dugnadane på kyrkjegardane vart gjennomført i mai. Bra frammøte på Lesjaskog og Lesjaverk. Noko færre på Lesja. Takk til alle som stiller opp og tek eit tak på dugnadane!

Planen var at Lesjaverk kyrkje skulle beisast/målast ferdig i 2023, men vi kom ikkje i mål med dette. Dette arbeidet må prioriterast så snart det blir vår.

Kyrkjeholen er flittig brukt som turområde og nokre har hatt jamnlege samlingar med hesteskokasting. Det kom opp nye skilt hausten 2023. Det har og kome fleire benkar i området.

Sjong

Kapellet på Sjong var gjennom året vore brukt til gudsteneste, dåpsseremoni og vigslar.

Sjølv om det ikkje var lagt opp til noko spesiell Drop in-dag for vigsel i år, kom det likevel fire vigslar innpå der. På ei helg var det tre vigslar og ein dåpsseremoni.

Det vart søkt Statsskog om løyve til å setja opp ei lita oppslagstavle ved vegen opp til kapellet. Ola Nørstebø laga tavla og sette den opp.

Takk til Gunnel Anderson og Jon Olav Løkken som held eit auga med kapellet gjennom året.



Kyrkjestugu

Lesja kyrkjelege råd står for den daglege drifta av Kyrkjestugu.

Vevstugu er leigetakar i 2. etg.

Kyrkjestugu har vore utleigd til private samvær og selskap, og vi har brukt det til konfirmantsamlingar, trusopplæringssamlingar og konfirmantjubileum. Kyrkje og Kyrkjestugu var utleigd til samling for konfirmantar frå Spjelkavik, da dei hadde leir på Bjorli.

Stell av graver

Kyrkjetenarane plantar og steller på dei gravene som har stell-avtaler. Det er ca 120 graver med stell-avtaler.

I tillegg er det stell av krigsgraver på Lesjaverk og Lesjaskog. Til dette arbeidet kjem det tilskott frå departementet. Den 11. november blir det sett ned kors med valmuar på krigsgravene.



Konsertar

I 2023 arrangerte ikkje kyrkjeleg råd nokon konsert, men det var likevel fleire konsertar i kyrkjene.

Lesjaskog sangkor hadde palmesøndagskonsert i Lesjaverk kyrkje, i lag med Sindre Johnsgård Drogen og julekonsert med fleire lokale "Julekveldsbilete" i Lesja kyrkje.

I januar var Lesja kyrkje utleigd til konsert med Mats Erik Odde & co, i arrangerte Markens Grøde konsert med Mari Midtli og Astrid Sulheim, og i november var det konsert med Ottar Bighand Johansen og



Det vart ikkje nokon tradisjonell adventskonsert med barnekoret, men takka vere Paul Gunnar Lien og Jorunn Raddum hadde barnekoret ein kombinert jule- og jubileumskonsert i Lesja kulturhus den 22. desember, i anledning at det i 2023 var 20 år sidan barnekoret vart starta.

Kongens fortienstmedalje til Paul Gunnar Lien

Medalja vart delt ut av assisterande statsforvaltar Sigurd Tremoen, under eit arrangement i Lesja kulturhus tysdag 6. juni 2023. Paul Gunnar Lien får medalja for sitt mangeårige engasjement for song og musikklivet i bygda.



Økonomi

Kyrkjelova § 15 omhandlar kommunen sitt økonomiske ansvar for drift av fellesrådet.



Direkte driftstilskott frå Lesja kommune var kr 2.670 000,-. Fellesrådet har tenestavtale med kommunen tilsvarende kr 219.000. Dette er husleige, føring av rekneskap, lønsarbeid, datautstyr, papir, porto, kontortelefon, graving, brøyting til og ved kyrkjene og bistand ved større restaureringsarbeid.

Frå og med 2010 har Lesja motteke Lesja trusopplæringsmidlar (sjå under trusopplæring). Lesja har vald å ikkje tilsetja nokon fast trusopplærar, men heller bruke midlane til å hyre inn enkeltpersonar/lag/foreiningar frå tiltak til tiltak, og i tillegg ha att midlar til gjennomføring av trusopplæringstiltaka. Delar av organist- og kyrkjevergestillinga er finansiert av trusopplæringsmidlane.

Driftstilskottet frå Lesja kommune stod uendra i mange år, men for 2023 fekk vi kompensasjon for lønnsauke, på lik line med avdelingane i kommunen. Driftstilskottet dekkjer berre det mest nødvendige, og for andre uforutsette utgifter og innkjøp, må det løyvast frå disposisjonsfondet.

Festeavgift:

Festeavgifta er for tida kr 150,- pr år grav pr. år (vedteke i kommunestyret i 2019). Innbetalt festeavgift i 2023: kr 231 000,-

Rekneskapsresultat:

Rekneskapet for 2023 syner eit mindreforbruk på kr 135 765,51
Momskompensasjon utgjorde kr 134 359,-

Lønnsutgiftene aukar, og i tillegg har pensjonskostnadane vore vesentleg høgare enn tidlegare år. Strømutgiftene auka mykje frå 2022 til 2023, og det same gjorde forsikringane.

Vi held drifta på eit svært nøkternt nivå, og det har resultert i at vi har greidd å få eit mindreforbruk, sjølv om det er meirforbruk på mange av utgiftspostane.

Forklaringa på dette er at vi har fått refundert sjukepengar som utgjer mykje meir enn det vi har hatt vikarutgifter på i organiststillinga. Utgifter til organistvikarar i desember blir ikkje utgiftsført før i 2024.



Neste års konfirmantar på den årlige Tusshelms-turen, som markerer starten på konfirmantåret.

Kyrkjebladet

Kyrkjebladet har eit opplag på 1100 eksemplar. Ca 850 går til innabygds og omlag 170 blir sendt til utanbygdsbuande.

I 2023 vart det innbetalt kr 76 350,- i pengegåver til kyrkjebladet. Dette er ein redusasjon på nesten kr 10 000 frå året før.

Kyrkjebladet hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 18 086,80

Distribusjon av bladet ved hjelp av Posten eller andre distributørar, er ei utfordring, og derfor har rådsmedlemmar og tilsette stått for distribusjon av samtlege blad i 2023. Takk for innsatsen!

Blad til utanbygdsbuande blir adressert, frankert og sendt med Posten.

Vi får layout-hjelp frå Snøhetta forlag, og bladet blir trykt på Dale-Gudbrand trykkeri. Vi vil rette ein ekstra takk til Ole Martin Sørungård (Snøhetta forlag) for arbeidet han gjer med Kyrkjebladet!

Konfirmantarbeid

Dette året var det 15 konfirmantar i Lesja sokn og 3 i Lesjaskog.

Dei fylgde tradisjonelt konfirmantopplegg, med Tusshelms-tur, skyting, kyrkjegardsvandring, ljosmesse, gammel møter ung og andre lokale samlingar.

For fyrste gong deltok Lesja-konfirmantane på HEKTA-leir på Lillehammer. Det var positive attendemeldingar frå ungdommar og vaksne som deltok på leiren, men dessverre var det ikkje alle konfirmantane som ville reise nedover. Dei som ikkje deltok, hadde ei ekstra samling i mars. I tillegg var dei med på Tårnagentsamlinga i Lesjaverk kyrkje.

Nettoutgift til konfirmantundervisninga var på kr 42 110,49

Trusopplæring:

Trusopplæringsreformen inneber at det er kyrkja sjølv som skal gjeva tilbod om trusopplæring til alle døypte i aldersgruppa 0 – 18 år. Tilboda skal supplere dei meir tradisjonelle formene for trusopplæring.

Til gjennomføring av trusopplæringsreforma bli vi tilført midlar, ca kr 630,- pr. år pr. døypt barn i aldersgruppa 0- 18 år. I tillegg fekk vi utjamningsmidlar på ca kr 45 000,-.

Totalt kr 238 896,-

Trusopplæringstiltak som er gjennomført i 2023:

- Dåpssamtale og dåp
- Ingvill Tøndevoldshagen, Anne Marie Lien Sønstebø og Ragnhild Steine Espeseth broderer dåpsklutar til alle som blir døypt. Aagot Sørungård Botheim syr serviettane.

- Solfrid har hatt 10 samlingar med baby song før ho gjekk ut i permisjon. Samlingane var i helsestasjon sine lokal på Lesja helsehus.
- Utdeling av boka "Tre i eit tre" til 6-åringar.
- Utdeling av biblar til 5.klassinger.
- Tårnagentsamling i Lesjaverk kyrkje, med 9 agentar.
- Solfrid hadde sangsamlingar fram til ho gjekk ut i permisjon, og Paul Gunnar Lien hadde samlingane i permisjonstida.
8 sangsamlingar på Blåsenborg, 6 med Lesjaskog barnehage og 9 med Lesja barnehage.
Nokre av sangsamlingane var på Eldres Senter og i Storstugu på helsehuset.
- Utdeling av "Mi eiga kyrkjebok" til 4-åringar. Ungane fekk tilbod om å vera med på ei samling før gudstenesta, der dei bl.a. laga kvar sin sau.
På Lesjaskog var det som vanleg i lag med barnehagen, på Kyrkjestugu, og på Lesja var samlinga i eit samarbeid med Husflidslaget, i Husflidkjellaren.
- Lesja barnehage og Lesjaskog barnehage hadde gudstenester før jul, og med påfølgjande juletreff på Tunstugu og Kyrkjestugu. Takk til Torbjørg Bakken som tok ansvar for koking av kakao mm. Kyrkjestugu. På Tunstugu var det Torunn Skotte Stavheim som ordna.
- Både Lesja og Lesjaskog skule hadde gudsteneste før jul.

Kyrjekaffe:

Etter kvar gudsteneste (med unntak av juleftan, 17. mai, konfirmasjon, allehelgen og langfredag), har det vore enkel kyrjekaffe i våpenhuset/kyrkja, med kaffe, saft og twist. Kaffen gjev oss anledning til å stane opp litt og slå av ein prat – visst vi ynskjer det. Ein kopp kaffe i våpenhuset, eller kyrkja, er med på å understreke fellesskapet i menigheita. Kanskje kan vi gjenskape noko av den gamle kyrkjebakkefunksjonen? Oppslutting og attendemeldingar viser at folk set pris på dette.

Vi hadde planar om å få til ein kyrjekaffe i Kyrkjeholen, men det dårlege sommarveret får ta noko av skulda for at det dessverre ikkje vart gjennomført.

Menighetsmøte:

Menighetsmøtet vart halde etter gudsteneste i Lesja kyrkje, søndag 23. april 2023, 15 stk deltok.

Andre arrangement:

- Den 2. februar var Lesja vertskap for den årlege markeringa for å minnst dei som omkom på vegane i Innlandet siste året. Representantar frå dei pårørande, nødetatane, kyrkje, fylke og kommune gjekk i fakkeltog frå biblioteket og ned til Lesja kyrkje. Dette var Ole Kristian Bonden sitt fyrste offisielle oppdrag etter at han vart tilsett som biskop i Hamar.
- Det har vore totalt 34 andakter i løpet av året, fordelt på Lesja helsehus og Eldres Senter.
- Konfirmantjubileum på Kyrkjestugu og Tunstugu. Litt skiftande frammøte frå kull til kull, men positive attendemeldingar frå dei som møter fram. Som vanleg var det suppe m/brød, kaffe og marsipankake.
- Den 27. november inviterte kyrkjeleg råd ungdomsskulane i Lesja og Dovre til foredrag med Sebastian Christensen, i Lesja kulturhus. Tema: "Kjønn og identitet – å skjønne, kjenne og kjønnes ut av skam og til verdighet."





På kvelden var det tilsvarende seminar, ope for alle. Det har vore mykje positive attendemeldingar etter foredraga, men skuffande at så få møtte fram på kveldsarrangementet. Takk til ungdomsskulane i Lesja og Dovre for god respons da vi tok kontakt og lufta ideen om dette foredraget. Arrangementet er ein del av kyrkjeleg råd si satsing på kunnskapsformidling om likeverd, LHBT+ og psykisk helse. Utgiftene i samband med arrangementet vart dekt av fondsmidlar (gåvemedlar øyremerka "Menighetens hjelpearbeid").

Litt statistikk:

Kyrkjelege handlingar:	2022	2023
Døypte	26	18
Konfirmerte	20	18
Vigslar	13	11
Gravferder	26	16
Innmeldt	1	1
Utmeldt	5	1
Ofringar:		
Totalt innkome ved ofring	88 771	103 021
Offergåver til eige arbeid	29 773	25 688
Offergåver vidaresendt til andre	58 998	77 333
Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon	19 587	30 649
Gudstenester	63	59
Tal på deltakarar	3 484	3705

Kort oppsummert må ein seie at 2023 vart eit godt år for kyrkja i Lesja. Talet på deltakarar auka, og ikkje minst var det gledeleg å sjå at folk kom attende til gudstenestene på julekvelden.

Til slutt ei helsing til alle tilsette, folkevalde, samarbeidspartnarar og friviljuge:

Takk for det store og gode arbeidet de har lagt ned i 2023!

Lesja, den 8. februar 2024
for Lesja kyrkjelege råd

Aasmund Kolstad
Leiar

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
Kyrkjeverje

REKNESKAPSSKJEMA DRIFT – 2023				
	Rekneskap	Reg.budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2023	2023	2023	2022
Inntekter				
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinnt.	366 613,00	370 000	462 000	356 917,16
Refusjoner/overføringer	873 889,52	684 930	229 000	343 984,91
Kalk.inntekt – kommunal tenesteyt.avtale/int.føring	219 000,00	219 000	219 000	219 000,00
Rammeoverføring/tilskott frå Lesja kommune	2 670 000,00	2 670 000	2 670 000	2 520 000,00
Andre tilskott, g�aver, innsamla midlar	193 321,00	147 000	147 000	197 988,00
Sum driftsinntekter	4 322 823,52	4 090 930,00	3 727 000	3 637 890,07
Utgifter				
L�nn og sosiale utgifter	2 771 865,87	2 658 000	2 553 000	2 329 062,58
K�p av varer og tenester	968 844,53	1 099 188	916 000	731 923,88
Refusjoner/overf�ringer	134 357,85	90 000	0	101 432,91
Kalk.utgift – kommunal tenesteytingsavtale	219 000,00	219 000	219 000	219 000,00
Tilskott og g�aver	91 283,00	50 000	50 000	78 585,00
Sum driftsutgifter	4 185 351,25	4 116 188	3 738 000	3 460 004,37
Brutto driftsresultat	137 472,27	- 25 258	- 11 000	177 885,70
Renteinntekter og utbytte	23 210,85	0	0	0,00
Renteutgifter og l�neomkostnader	0	0	0	351,00
Netto finansinntekter/-utgifter	23 210,85	0	0	-351,00
Avskrivninger	92 920,80	92 920	0	92 920,00
Motpost avskrivninger	92 920,80	92 920	0	92 920,00
Netto driftsresultat	160 683,12	-25 258	-11 000	177 534,70
Interne finansieringstransaksjonar				
Bruk av udisponert fr� tidlegare �r (overskott)	157 219,54	157 220		
Bruk av disposisjonsfond	0,00			
Bruk av bundne fond	45 396,46	44 188	11 000	13 407,20
Sum bruk av avsetningar	202 616,00	201 408	11 000	13 407,20
Avsett til disposisjonsfond	165 064,57	157 220	0	8 000,00
Avsett til bundne fond	62 469,04	18 930	0	25 722,36
Sum avsetningar	227 533,61	176 150	0	33 722,36
Rekneskapsmessig mindreforbruk	135 765,51	0	0	157 219,54

REKNESKAPSSKJEMA		
BALANSE – 2023		
	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
Eigendelar:		
Anleggsmidler		
Fast eieendom og anlegg	3 047 195,60	3 140 116,40
Aksjar og andelar	205 926,00	194 597,00
Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	472 556,85	179 622,91
Kasse, bankinnskott	4 444 938,86	4 272 407,63
Sum eigendelar	8 170 617,31	7 786 743,94
Eigenkapital og gjeld:		
Eigenkapital		
Disposisjonsfond	2 686 946,86	2 533 211,29
Bundne driftsfond	861 430,80	844 358,22
Rekneskapsmessig mindreforbruk	135 765,51	157 219,54
Kapitalkonto	3 253 121,62	3 334 713,42
Gjeld		
Anna kortsiktig gjeld	1 233 352,52	917 241,47
Sum eigenkapital og gjeld	8 170 617,31	7 786 743,94

